

Merknader til forskrift om føring av manntal for fiskarar og fangstmenn.
Fastsett 21.09.09.

Til § 3.2:

Med busett i Noreg er meint at vedkomande som hovudregel må stå i folkeregisteret i norsk kommune og betale skatt av inntekt til denne. Om folkeregistrering og skatteplikt ikkje samsvarar, vedkomande er t.d. busett i utlandet men betaler innteksskatt til Noreg, avgjer skatteplikta. Utanlandske fiskarar og mannskap på norske fiskefartøy som ikkje er busett i Noreg kan ikkje takast opp i manntalet. Norsk statsborgarskap krevst ikkje.

Norske statsborgarar (busett i Noreg) som arbeider på utanlandsregistrert fiskefartøy, kan takast opp i manntalet dersom inntekta av fiske med norskregistrert fartøy utgjer minst 50% av samla fiskeriinntekt for vedkomande.

Inntekt både frå norsk og utanlandsk fartøy må kunne dokumenterast.

Til § 3.3:

Landmenn og egnarar som høyrer til mannskapet/lottlaget på eit og same fartøy kan takast opp i manntalet sjølv om dei ikkje arbeider om bord så mykje som det elles krevst.

Unntak frå kravet om at fisket skal skje frå norskregistrert fiskefartøy skal godkjennast av Fiskeridirektoratet.

Til § 3.4:

Inntekt av taretråling og/eller hausting av marine ressursar, sjå merknad til § 3.5.

Til § 3.5:

Sjølv om studiar og skulegang ikkje er inntektsgjevande skal det reknast som full verksemd utanom fiske. Fiskarar som står i manntalet og som tek vidareutdanning med tilknytning til fiskerinæringa, kan likevel bli ståande i manntalet under utdanninga dersom dei mest sannsynleg vil vende tilbake til fiskaryrket.

Personar med uløna omsorgsarbeid kan ikkje nektast opptak i manntalet berre fordi manntalsfører går ut frå dei er sysselsett på full tid med omsorgsarbeid.

Manntalsfører må likevel forsikre seg om at vedkomande verkeleg driv fiske i det omfang forskrifta krev, og at ikkje andre leverer fisk i namnet til vedkomande for å omgå reglane.

Ein lønsmottakar, t.d. fiskeindustriarbeidar, som blir permittert frå si faste stilling for ein lenger periode eller på ubestemt tid, og startar opp i fiske, kan, om vilkåra elles er oppfylt, takast opp på blad A.

Fiskarar som står i manntalet, blad A eller B, og som avtener militær- eller sivilteneste, kan framleis stå i manntalet sjølv om dei i denne perioden ikkje oppfyller vilkåra.

Full verksemd innan taretråling og/eller hausting av marine ressursar som sanking av skjel, kråkeballar og andre ville sjødyr, vil, om det vert drive saman med fiske ikkje vere til hinder for opptak om inntekt frå fiske er stor nok til opptak i manntalet, blad A eller B.

Taretråling og/eller hausting av marine ressursar gjev i seg sjølv ikkje rett til opptak. Fiskeoppdrett vert rekna som verksemd utanom fiske og gjev ikkje rett til opptak.

Før fylte 67 år skal brutto pensjonsinntekt frå offentleg eller privat pensjonsordning (også full pensjon) opptent i anna yrke/næring enn fiske, reknast som inntekt utanom fiske på line med brutto lønsinntekt. Sum kroner skal målast mot inntektskravet for full verksemd utanom fiske. For vurdering av pensjonsytingar elles, sjå nedanfor under §§ 3.6 og 5.7.

For bønder er det jordbruksinntekt slik det går fram av næringsoppgåva som utgjer netto næringsinntekt. Driv eit ektepar bruk saman, vert jordbruksinntekta redusert tilsvarande det ektefellen er likna for.

For dei fleste andre næringar vil det være netto næringsinntekt (årsoverskot) slik det går fram av oppgjers- eller rekneskapsskjema som skal leggest til grunn. Der netto næringsinntekt kjem fram etter at fondsavsetningar er trekt frå, må desse påplussast netto næringsinntekt igjen.

Kapitalinnteker skal som hovedregel leggest til inntekt utanom fiske. Der kapitalen er opparbeidd gjennom fiske skal avkastninga likevel ikkje leggest til, ei heller reknast som inntekt av fiske. Kapitalinntekt oppnådd gjennom arv eller ved vinst i lotteri, eller avkastning av slik kapital, gjeld heller ikkje som inntekt utanom fiske.

Til § 3.6:

Personar som mottek uførepensjon etter uføregrad på 100% kan ikkje takast opp på blad A. Dette gjeld også om vedkomande seinare går over på alderspensjon. Ved fylte 67 år innter rett til alderspensjon etter folketrygdlova. Frå då av vert full alderspensjon rekna som full verksemd utanom fiske noko som hindrar opptak i fiskarmanntalet, blad A og B.

Unntak gjeld for personar med full alderspensjon mellom 67 og 70 år, både blad A og B. Unntak for blad A også for personar med tilknytning til fiske før overgang til trygd eller pensjon slik det er fastsett i forskrifta § 4. Sjå merknad nedanfor.

Personar med redusert alderspensjon som ikkje har tilknytning til fiskaryrket slik § 4 i forskrifta krev, kan takast opp på blad A om dei vanlege vilkår er oppfylt. Pensjon i sum kroner vert då rekna som inntekt utanom fiske og skal målast mot inntektskravet i forskrifta § 3.5. Tilsvarande gjeld personar som mottek uførepensjon etter uføregrad lavare enn 100% og ikkje har tilknytning til fiskaryrket slik § 4 i forskrifta krev.

Yrkeskadepensjon skal vurderast på line med uførepensjon.

Uførestønad, attføringspengar og rehabiliteringspengar er mellombels ytingar gjevne for fastsette periodar.

Uførestønad kan tilståast inntil fire år og vil som utgangspunkt bli vurdert på line med varig uførepensjon. Det kan likevel gjerast unntak for personar med slike ytingar om siktemålet er at vedkomande skal kome tilbake til fiskaryrket.

Dette gjeld både for fiskarar som alt er registrert og ved nyregistrering .

Attføringspengar og rehabiliteringspengar skal vurderast på line med uførestønad.

Til § 4:

Slik regelen er forma kan personar som mottek 100% uførepensjon også stå på blad A. Særskilt krav om inntekt frå fiske gjeld ikkje men ein viss aktivitet må kunne dokumenterast.

For opptak etter denne regelen må vedkomande ikkje ha inntekter (pensjon unnteke) frå verksemd utanom fiske som overstig fem gonger beløpet i lov av 19. juni 1969 om meirverdiavgift § 28 første ledd første punktum. Fiskarpensjon vert her rekna som alderspensjon.

Vedkomande må ha hatt fiske som hovudyrke og vore manntalsført i minst 5 (fem) av dei siste 20 åra før overgang til trygd eller pensjon.

Regelen er forma ut slik at den i særlege tilfelle også kan gjerast gjeldande for fiskarar som har blitt uføre i ung alder og difor ikkje har kunna drive fiske over eit så langt tidsrom som det elles krevst.

Til § 5.2 og 3:

Merknader til § 3 nr.2 og 3 gjeld tilsvarande.

Til § 5.4:

Med til inntekt av fiske for registrering på blad B gjeld også garantilott, sjukeløn i fiske og A-trygd i fiske etter havari og liknande. Desse ytingane skal uavkorta reknast som fiskeriinntekt både for einefiskarar og lottakarar.

Til § 5.5

Merknad til § 3.5 gjeld tilsvarande.

Personar som driv sjølvstendig næring utanom fiske (bortsett frå taretråling og hausting av marine ressursar), og har tilsette i verksemda, kan ikkje takast opp på blad B.

Til § 5.6

Inntekt av fiske må vere dobbelt så høg som inntekt frå anna verksemd for registrering på blad B.

Til § 5.7

Personar som mottek uføretrygd etter uføregrad høgare enn 60 % kan ikkje registrerast på blad B. Frå fylte 67 år går uførepensjonistar over på alderspensjon og reglane for denne vil gjelde. Sjå merknad til § 3.6

Til § 6:

Merk at unntak ikkje skal innvilgast automatisk (Jf. ”Det kan gjerast unntak-----”), bortsett likevel frå 4 ledd der personar som føder barn har rett å bli ståande på blad B frå dei går ut i fødselspermisjon og ut kalenderåret etter fødselen.

Til § 6 2 ledd:

Som tillitsverv vert rekna verv i fiskerinæringa, administrasjonen og andre offentlege verv. Godtgjeldsle for verv skal ikkje reknast som inntekt utanom fiske.

Registrering etter denne regelen skal godkjennast av Fiskeridirektoratet sentralt.

Til § 6.3 ledd:

Rett til unntak etter denne regelen må ha årsak i nedtrapping grunna alder, slitasje og liknande for personar som har fylt 60 år. Det at fiskeriaktiviteten vert redusert og anna verksemd trappa opp gjev ikkje rett til unntak.

Regelen gjev heller ikkje unntak for personar som mottek full alderpensjon (6.3 ledd har ikkje unntak frå kravet i § 5.nr.7). Sjå likevel § 5.7 og merknad til denne der personar med full alderpensjon mellom 67 og 69 år kan stå på blad B.

Til § 11

Personar som ber om det skal slettast frå manntalet med verknad frå den dato manntalsførar får melding. Sletting etter eige ynskje kan ikkje tilbakedaterast. Vedkomande skal alltid ha skriftleg melding påført rett dato og blad og med kopi for eige arkiv slik at dokumentasjon for rett tidspunkt er sikra.

Personar som står på blad A etter § 3.6 og på blad B etter § 5.7 (alderspensionistar mellom 67 og 70 år) kan stå på same blad heile det år dei fyller 70.

Tidlegare vedtak om oppføring i fiskarmanntalet kan også omgjerast etter vanlege forvaltningsrettslege reglar. Etter fvl § 35.1 a) kan eit forvaltningsorgan fritt omgjere eige vedtak så lenge endringa ikkje er til skade for nokon vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser.

Denne regelen kan nyttast om vedkomande dokumenterer å ha vore i anna arbeid frå det tidspunkt han/ho ynskjer utmelding. I denne tida må vedkomande heller ikkje ha motteke ytingar knytt til oppføring i fiskarmanntalet.

Vedtak om omgjering får verknad frå same tidspunkt som det første vedtak.

Eit forvaltningsorgan kan også omgjere eigne vedtak etter fvl. § 35 b) eller c) om vilkåra er oppfylt.

Omgjering til skade for den vedtaket gjeld skal alltid gjerast av klageinstansen. Jf. fvl. § 35.3